



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia  
**Dato:** 01.02.2018  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn                       | Funksjon  | Representerer |
|----------------------------|-----------|---------------|
| Stig Olav Lødemel          | Leiar     | H             |
| Jørgen Amdam               | Nestleiar | AP            |
| Fride Schjølberg Sortehaug | Medlem    | V             |
| Odd Harald Sundal          | Medlem    | SP            |
| Margrete Bjerkvik          | Medlem    | KRF           |
| Odd Arne Folkestad         | Medlem    | FRP           |
| Eldar Engelund             | Medlem    | SP            |
| Bente Tryggestad           | Medlem    | SP            |
| Brynhild Lund Notøy        | Medlem    | V             |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Namn         | Funksjon | Representerer |
|--------------|----------|---------------|
| Randi Langlo | MEDL     | AP            |

Varamedlemmer som møtte:

| Namn        | Møtte for    | Representerer |
|-------------|--------------|---------------|
| Per Maurset | Randi Langlo | AP            |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn                  | Stilling                                   |
|-----------------------|--|
| Rune Sjurgard         | Prosjektleiar                              |
| Ann Kristin Langeland | Rådmann i Hornindal                        |
| Per Ivar Kongsvik     | Oppvekstsjef i Volda kommune (sak OS 4/18) |

Frå dei tillitsvalde møtte:  
Idar Holen (Utdanningsforbundet)

# SAKLISTE

| <b>Saksnr.</b> | <b>Sak</b>   |
|----------------|--|
| PS 1/18        | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>   |
| PS 2/18        | <b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>   |
| PS 3/18        | <b>Møteplan Fellesnemnda 2018</b>  |
| PS 4/18        | <b>Forankring av delegert mandat frå Fellesnemnda - Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk</b>             |
| PS 5/18        | <b>Omstillingsvtale ved kommunesamansl ing</b>   |
| PS 6/18        | <b>Orienteringssaker</b>   |
| OS 1/18        | <b>Status kulturbyggingsgruppa, v/Odd Harald Sundal</b>  |
| OS 2/18        | <b>Orientering om interkommunalt samarbeid</b>   |
| OS 3/18        | <b>Oversendingsframlegg fellesnemnda -  rsbudsjett 2018 -  konomiplan 2018-2021 – kulturadministrasjon</b>       |
| OS 4/18        | <b>Oversendingsframlegg fr  Volda formannskap 16.01.18 til Fellesnemnda for nye Volda kommune – spr kkommune</b> |
| OS 5/18        | <b>Bj rke og Nye Volda</b>   |
| OS 6/18        | <b>Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal - Kj s og Maurset</b>                           |
| OS 7/18        | <b>Nytt kommunenummer i nye Volda kommune - Nye kommune- og fylkesnummer fra 1. januar 2020</b>                  |
| OS 8/18        | <b>Forskrift om samansl ing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett</b>             |

## **PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling:

Ingen merknadar til innkallinga.

#### Sakliste:

Jørgen Amdam med ønskje om å ta opp ei orienteringssak om forsøksprosjekt med kommunar som tek over tannhelseteneste. Saka ført opp som orienteringssak OS 9/18.

### **Røysting:**

Godkjenning av innkalling og sakliste samrøystes vedteken.

## **PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Protokoll frå førre møte vart samrøystes vedteken.

## **PS 3/18 Møteplan Fellesnemnda 2018**

### **Administrasjonen si tilråding:**

### **Møteplan for Fellesnemnda nye Volda kommune 2018:**

*16. april, 7. mai, 18. juni, 27. august, 29. oktober og 3. desember.*

*Møtestart kl. 14.00.*

### **Handsaming:**

Leiar Stig Olav Lødemel føreslo å behalde torsdagar som møtedag for Fellesnemnda, og føreslo derfor å endre møtedatoane til torsdagen etter datoane i innstillinga der dette let seg gjere. Lødemel kom med slikt forslag:

### **Møteplan for Fellesnemnda nye Volda kommune 2018:**

19. april (kl. 13.00)

7. mai (kl. 14.00)

21. juni (kl. 12.00)

6. september (kl.14.00)

1. november (kl. 14.00)

6. desember (kl. 14.00)

### **Røysting:**

Lødemels forslag vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.02.2018**

### **Møteplan for Fellesnemnda nye Volda kommune 2018:**

19. april (kl. 13.00)  
7. mai (kl. 14.00)  
21. juni (kl. 12.00)  
6. september (kl.14.00)  
1. november (kl. 14.00)  
6. desember (kl. 14.00)

### **PS 4/18 Forankring av delegert mandat frå Fellesnemnda - Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk**

#### **Administrasjonen si tilr ding:**

**Fellesnemnda vedtek delegert mandat for Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk som det ligg f re i saksutgreiinga.**

#### **Handsaming:**

J rgen Amdam med forslag om f lgjande tilf ying:

*«Fellesnemnda er vel tilfreds med arbeidet til Heraldikk-nemnda s  langt. Fellesnemnda ber Heraldikk-nemnda leggje fram ein framdriftsplan om det vidare arbeidet s  snart som r d».*

#### **R ystring:**

Administrasjonens tilr ding med Amdams tillegg samr ystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.02.2018**

Fellesnemnda vedtek delegert mandat for Temakomit  for nytt kommunenamn og heraldikk som det ligg f re i saksutgreiinga.

Fellesnemnda er vel tilfreds med arbeidet til Heraldikk-nemnda s  langt. Fellesnemnda ber Heraldikk-nemnda leggje fram ein framdriftsplan om det vidare arbeidet s  snart som r d.

### **PS 5/18 Omstillingsavtale ved kommunesamansl ing**

#### **Administrasjonen si tilr ding:**

***Fellesnemnda godkjenner omstillingsavtalen slik den ligg f re.***

#### **R ystring:**

Administrasjonens tilr ding samr ystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.02.2018**

Fellesnemnda godkjenner omstillingsavtalen slik den ligg f re.

## **PS 6/18 Orienteringssaker**

### **OS 1/18 Status kulturbyggingsgruppa, v/Odd Harald Sundal**

Odd Harald Sundal kunne orientere om at gruppa har kome i gang. Første møte var 09.01.18, og eit nytt møte var sett opp etter møtet i Fellesnemnda. Sundal las opp referat frå møtet den 9. januar. Gruppa tek sikte på å ha møte éin gong i månaden framover.

### **OS 2/18 Orientering om interkommunalt samarbeid**

Prosjektleiar Rune Sjurgard heldt ein presentasjon om interkommunalt samarbeid. Dette var ei førebuande orientering i forkant av at det kjem ei sak på dette til neste temaet til neste møte i Fellesnemnda 22. februar. Presentasjonen vil bli sendt ut til medlemmene i Fellesnemnda samt leggast ved protokollen på [www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no).

### **OS 3/18 Oversendingsframlegg fellesnemnda - Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021 - kulturadministrasjon**

### **OS 4/18 Oversendingsframlegg frå Volda formannskap 16.01.18 til Fellesnemnda for nye Volda kommune - språkkommune**

Oppvekstsjef i Volda kommune, Per Ivar Kongsvik, vart invitert til å gi si vurdering på om Nye Volda skal søkje Utdanningsdirektoratet om å bli språkkommune. Kongsvik si vurdering var at dette er eit godt tilbud retta mot grunnleggande ferdigheiter i barnehage og skule. Det er eit barnehage- og skulebasert utviklingsarbeid som tidsmessig er krevjande. Volda kommune er no midt inne i ei stor digital satsing som krev utvikling av infrastruktur, investering i digitale verkty, og ikkje minst investering i kompetanseheving mellom dei tilsette. Denne kompetansehevinga vert det lagt til rette for innafor arbeidstida mellom dei tilsette. Det er avgrensa kor mykje tid som er avsett til utviklingsarbeid i barnehage og skule, og den digitale satsinga vil dei næraste åra krevje det meste av denne tida.

Oppvekstsjefen rår til at tilbodet om Språkkommune vert sett i samanheng med revidering av kvalitetsplanen for sektoren i 2019-2020. Der vil barnehage- og skuleleigar få høve til å prioritere satsingsområde og legge føringar for vidare utviklingsarbeid i sektoren.

### **OS 5/18 Bjørke og Nye Volda**

Leiar Stig Olav Lødemel hadde ei kort utgreiing om prosessen rundt ei eventuell grensejustering ved Bjørke og Viddal. Lødemel fortalde at Nye Volda no svarar på dei spørsmåla som Fylkesmannen lurar på, og så er det Fylkesmannen og seinare Kommunal- og Moderniseringsdepartementet som no styrer prosessen. Fylkesmannen vil før påske kome med si innstilling til ei eventuell grensejustering. KMD vil så ta stilling til saka etter dette.

**OS 6/18 Vedtak om grensejustering mellom kommunane Stryn og Hornindal - Kjøs og Maurset**

**OS 7/18 Nytt kommunenummer i nye Volda kommune - Nye kommune- og fylkesnummer fra 1. januar 2020**

**OS 8/18 Forskrift om samanslåing av Hornindal kommune og Volda kommuner til Volda kommune er fastsett**

**OS 9/18 Forsøksprosjekt med kommunal tannhelseteneste**

Jørgen Amdam reiste spørsmålet om korleis Fellesnemnda stilte seg til å eventuelt ta over tannhelsetenesta som eit kommunalt ansvar. Regjeringa kom med forslag om eit prøveprosjekt der om lag 15 kommunar kan å ta over tannhelseteneste frå 2020. Amdam vil følgje opp dette vidare.

Møte slutt kl. 16:40

Rett utskrift,  
Volda kommune, samfunn og rådgjeving  
05.02.2018

Joakim Rødven  
Kommunikasjonsrådgjevar